

STYREMØTE I NBF VESTLAND**Dato: 18. mars 2021 kl. 14.00****Desse møtte:** Manuela Werler, Guro Nesse, Ørjan Persen, Ylva Seljenes, Bente L. Hawkes, Kari Fauskanger og Guri Aarhus

Saksnummer	Sak	Ansvarleg
13/2020-2021	Godkjenning av referat frå førre styremøte Godkjent utan merknader	
14/2020-2021	Oppdatering på budsjettkutt i Vestland Sunnfjord kommune Det er ikkje skjedd noko meir i Sunnfjord etter at vedtaket om samanslåing til kombinasjonsbibliotek og oppgradering til meirope var teke. Det vil truleg koma opp att i samband med budsjettgjennomgang i juni. Skulebibliotekkoordinatorstillinga Stillinga som skulebibliotekkoordinator vart føreslege kutta i budsjettarbeidet før jul, men førebels har det ikkje skjedd noko meir her, og stillinga er inkludert i planarbeidet til ei referansegruppe som skal sjå på skulebibliotektenesta i dei vidaregåande skulane.	
15/2020-2021	Nye bibliotek med budsjettkutt Det er kome inn fleire saker frå kommunar som har fått budsjettkutt og krav om samlokalisering med andre tenester. Dette gjeld mellom anna Bjørnafjorden og Kvam. Manuela tek kontakt med biblioteksjefane for å gje dei gode argument som skal brukast i kampen om budsjettkronene. Når et gjeld samlokalisering ser vi at det kan vera lurt å ha nokre retningslinjer. Vi lagar eit	Guro og Kari

	utkast som vi sender som forslag til NBF sentralt for at dei kan arbeida vidare med det.	
16/2020-2021	<p>Aktivitetstilskot 2021 og korleis bruka dei</p> <p>Vi søkte om 12 000,- og dette er innvilga. Vi prøver å få til to digitale frukostmøter våren 2021.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Laksevågsaka. Biblioteket er gjennoppstått. Kan vi få nokon frå aksjonsgruppa og biblioteket til å snakka om prosess og resultat? • Informasjonskompetanse og kjeldekritikk. Invitera faktisk.no • Korleis kan biblioteka arbeida med bærekraftsmåla? Haugesund bibliotek har arbeidd med dette. Kan det vera aktuelt å ha eit samarbeid med NBF Rogaland om eit frukostmøte til hausten? 	<p>Ørjan</p> <p>Manuela</p> <p>Manuela</p>
17/2020-2021	<p>Ymse</p> <ul style="list-style-type: none"> • E-Post-trøbbel Det er trøbbel med tilgangen på gmail, det er ikkje mogeleg at vi alle har tilgang til e-posten. Løysing: Manuela opprettar ei mappe i gmail der vi kan ha samarbeidsdokument, og elles vidaresender ho epostar til oss andre. • Innspel til Regional plan for kultur, idrett og friluftsliv 2023-2035 Ylva opprettar eit fellesdokument der vi kan samskriva og så jobbar vi saman der. Det er langt perspektiv på denne planen så vi må tenkja «store tankan». 	

18/2020-2021	Neste møte: 12. april 2021	
--------------	-----------------------------------	--